

12/3- 2017

Vedrørande Nordhordland Hestesportklubb sin tilknytning til Aasegården.

Klubben starta samarbeid med Arild Aase og Aasegården i samband med at han la om drift, retta mot hestesport. Vi har ikkje nytta Aasegården til våre aktivitetar dei siste åra, men har tidligare arrangert ulike arrangement som t.d. kurs, stemner og Hest i Nordhordland. Vi leigde også i ein periode eit klubbhus på Aasegården.

Aasegården ligg til slik at den er skjerma frå biltrafikk, noko som er ein fordel mtp tryggleik og trivsel i samband med hestehald. Samstundes er det kort veg til regionsenter, Knarvik.

For å oppretthalde aktivitet og rekruttering til hestesporten i Nordhordland, er det naudsynt med større og samlande anlegg. Aasegården har potensiale til å bygge opp eit slikt miljø.

Nordhordland Hestesportklubb håpar at Aasegården vil få utvikle seg videre til å verte eit samlande og viktig anlegg for hestesporten i regionen vår.

Mbh

Alise B Sudmann v/ Nordhordland Hestesportklubb